



TYSVÆR KOMMUNE



Foto: Tysvær kommune

KOMMUNEPLANEN 2019-2031

FØRESEGNER OG TABELLAR TIL AREALDELEN

Kommuneplanrevisjon for Tysvær kommune
Vedtatt 25.09.18
Planperiode 2019-2031

INNHOOLD

1.	Planområde	4
2.	Verknad av kommuneplanen	4
3.	Definisjonar	4
4.	Føresegner og retningslinjer	6
5.	Generelle føresegner (pbl. §11-9)	6
6	Bygg og anlegg (pbl. § 11-7 nr. 1)	9
6.1	Bustad	9
6.2	Skeiseid	10
6.3	Fritidsbustad	11
6.4	Sentrumsformål	13
6.5	Fritids- og turistformål	14
6.5.1	Reiselivsanlegg	14
6.5.2	Campingplassar	14
6.6	Næringsområde	16
6.7	Idrettsanlegg	16
6.8	Andre typar bygningar og anlegg	17
6.8.1	Naust	17
6.9	Uteoppholdsareal / leikeareal	18
7	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 11-7 nr. 2)	19
7.1	Veg	19
8	Grønstruktur (pbl. § 11-7 nr. 3)	20
9	Landbruks-, natur- og friluftformål (LNF-område) (pbl. § 11-7 nr. 5)	20
9.1	Felles føresegner	20
9.2	LNF-område der spreidd bustadbygging er tillate	21
10	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl. § 11-7 nr.6)	22
10.1	Generelle føresegner	22
10.2	Småbåthamner	22
10.3	Yrkefjorden	23
10.4	Oppankring	24
10.5	Farleier	24
10.6	Akvakultur	24
11	Omsynssoner (pbl. § 11-8)	24
11.1	Sikrings-, støy- og faresoner (pbl. § 11-8a)	24
11.1.1	Generelle føresegner	24
11.1.2	Sikringszone langs gassrørledning	24
11.1.3	Sikringszone nedslagsfelt for drikkevatt	24
11.1.4	Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan	24
11.2	Sone med særlege krav til infrastruktur (pbl. § 11-8b)	25

11.3	Sone med særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (pbl. § 11-8c)	25
11.3.1	Omsynssone for friluftsliv	25
11.3.2	Omsynssone for bevaring av naturmiljø	25
11.3.3	Omsynssone for bevaring av kulturlandskap og biologisk mangfald	25
11.3.4	Kjerneområde landbruk	26
11.3.5	Omsynssone for kulturmiljø	26
11.3.6	Omsynssone for funksjonell strandsone	26
11.4	Sone for bandlegging (pbl. § 11-8d)	26
11.4.1	Kulturminne og kulturmiljø	26
11.4.2	Bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover.	26
12	TABELLAR AREALBRUK.	28
	Tabell 1 - Bygningar og anlegg	28
	Tabell 2 - Kombinerte formål	29
	Tabell 3 - Bustader	30
	Tabell 4 - Spreidd bustadbygging	32
	Tabell 5 - Fritidsbustader	33
	Tabell 6 - Sentrumsformål	34
	Tabell 7 - Offentleg eller privat tenesteyting	34
	Tabell 8 - Fritids- og turistformål	35
	Tabell 9 - Næringsområder	36
	Tabell 10 - Idrettsanlegg	37
	Tabell 11 - Vindkraftverk	37
	Tabell 12 - Gravplass	37
	Tabell 13 - Naust	38
	Tabell 14 - Hamn	39
13	TABELLAR OMSYNSSONER	40
	Tabell 15 - Sone med særlege krav til infrastruktur	40
	Tabell 16 - Sone med særlege omsyn til friluftsliv (pbl §11-8c)	41
	Tabell 17 - Sone med særleg omsyn til bevaring av naturmiljø (pbl §11-8c)	42
	Tabell 18 - Sone med særleg omsyn til bevaring av kulturlandskap og biologisk mangfald (pbl §11-8c)	42
	Tabell 19 - Sone med særleg omsyn til bevaring av kulturmiljø (pbl §11-8c)	43
	Tabell 20 - Kjerneområde landbruk (pbl §11-8c)	44
	Tabell 21 - Sone med særleg omsyn til funksjonell strandsone (pbl §11-8c)	44
	Tabell 22 - Sone for bandlegging i påvente av planvedtak (pbl §11-8d).	45
	Tabell 23 - Sone for bandlegging (pbl §11-8d). Naturvernområde.	46
	Tabell 24a - Sone for bandlegging (pbl §11-8d). Friluftsområde	47
	Tabell 24b - Statlig sikra friluftsområde	47
	Tabell 25 - Sone for bandlegging (pbl §11-8d). Kulturminne	48
	Tabell 26 - Gjeldande reguleringsplanar	49

1. Planområde

Kommuneplanen er utarbeidd med heimel i lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningslova) (pbl.) § 11-5. Planområdet omfattar heile Tysvær kommune og er vist med plangrense på plankartet.

2. Verknad av kommuneplanen

Arealdelen av kommuneplanen omfattar planbeskriving, føresegner, retningslinjer og plankart. Føresegnene og plankartet er rettsleg bindande og utforma i medhald av plan- og bygningslova (pbl.) av 2008.

Kommuneplanen og kommunedelplan kulturminner skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, jf. pbl. § 11-6. Tiltak etter lova må, om ikkje anna er bestemt, ikkje vera i strid med arealbruk eller føresegner som er gjevne i planen. Det same gjeld tiltak som kan vera til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen. Arealdelen til kommuneplanen skal visa hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for kva som gjeld for nye tiltak, ny arealbruk og viktige omsyn kommunen må ta når han disponerer areala. Av planbeskriving, føresegner og plankart går det fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, og dessutan overordna planar for arealbruk blir ivaretatt, jf. pbl. § 11-5. Plankartet viser hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av areala.

Der det ikkje ligg føre gjeldande reguleringsplan eller vert stilt krav om ein slik plan (jf. pbl. § 12-1 andre ledd), skal arealdelen av kommuneplanen følgjast når ein skal behandla søknader om løyve til tiltak, jf. pbl. § 11-6, tredje ledd, om rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel..

Kartutsnitta delplan 1 til og med delplan 7 i målestokk 1:10000 og delplan 8 i målestokk 1:12000 viser den juridisk bindande arealbruken. I resten av planområdet viser hovudplankartet i målestokk 1:50 000 den juridisk bindande arealbruken.

Der det blir vurdert nødvendig, skal det i arealdelen av kommuneplanen visast omsyn og restriksjonar som har verknad for bruken av areal. Omsyn og tilhøve som inngår i pbl. § 11-8, andre ledd bokstav a til f, skal markerast i arealdelen som omsynssone med tilhøyrande føresegner og

retningslinjer. Det kan visast fleire soner for same areal.

3. Definisjonar

Plan- og bygningslova vert forkorta og omtala som pbl. Pbl. er det heimelsgrunnlaget som blir brukt i kommuneplanssamanheng. Alle tilhøve i kommuneplanen som handlar om plankart og føresegner, skal ha heimel i pbl

Arealdelen av kommuneplanen viser hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast. I dette ligg kva viktige omsyn som skal liggja til grunn ved disponering av areala, og korleis areala skal disponerast samla sett for å oppnå måla for samfunnsutviklinga.

Arealdelen omfattar arealkart, føresegner, retningslinjer og ei planbeskriving med konsekvensutgreiing med risiko- og sårbarheitsanalyse for nye utbyggingsareal, jf. pbl. § 4-2, andre ledd og § 4-3, første ledd. Ein vedteken plan skal leggjast til grunn for vidare planlegging og forvaltning, jf. § 1-5. Plankartet og føresegnene er bindande for framtidig arealbruk, jf. pbl. § 11-6.

Kommunedelplan kan vere ein arealplan for eit delområde eller ein temaplan. Slike delplanar bør omfatte dei utfyllande føresegnene som lova gjev adgang til, og kan til dømes gjelde for ein tettstad, hytteområde, kystsona, fjellområde eller liknande.

Reguleringsplan er eit arealplankart med tilhøyrande beskriving og føresegner som fastlegg bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnad. Reguleringsplan kan utarbeidast som områderegulering eller detaljregulering, pbl. §§ 12-2 og 12-3.

Områderegulering er ei planform som kan utarbeidast av kommunen etter krav i kommuneplanens arealdel, eller der kommunen etter tilhøva finn det naudsynt å utarbeida slik reguleringsplan for eit område av verneomsyn eller for å leggja til rette og setja rammer for vidare planlegging, utvikling og bygging. Å utarbeida områdeplan er i utgangspunktet ei kommunal oppgåve, men kommunen kan likevel overlata til andre myndigheiter eller private å utarbeida forslag til områderegulering.

Detaljregulering vert nytta for å følgja opp og konkretisera overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel eller

områderegulering. Både private og offentlege aktørar kan utarbeida detaljregulering.

Konsekvensutgreiing (KU) er ei særskild vurdering og beskriving av planens verknad for miljø og samfunn. Utgreiinga skal sikra at desse verknadene blir tatt i betraktning under planlegging av tiltak og når det blir teke stilling til om, og eventuelt på kva vilkår, tiltaket kan gjennomførast. Pbl. set krav til KU for regionale planar og kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging, og for reguleringsplanar som kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn.

ROS-analyse er ein analyse av risiko og sårbarheit. Analysen skal gje grunnlag for å førebyggja risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdier. Dette gjeld både naturgjeven og menneskeskapt risiko og sårbarheit.

Utbyggingsavtale er ein avtale mellom kommunen og grunneigar eller utbyggjar om utbygging av eit område. Avtalen har sitt grunnlag i kommunen si planmyndigheit etter plan- og bygningslova, som gjeld gjennomføring av kommunal arealplan.

Rekkefølgjekrav er krav som vert stilt i kommuneplan eller reguleringsplan for å sikre tilstrekkeleg kapasitet på infrastruktur m.m. før vidare utbygging vert tillate. Utbygging kan først settast i gong etter at rekkefølgjekrava er løyst. Utbyggingsinteresser kan inngå avtale om felles utbygging og finansiering for å løyse rekkefølgjekrav.

Nødvendige tiltak i landbruket er definert som i rettleiar Garden som ressurs, H-2401.

Hytter er fritidsbustader nytta til overnatting i samband med privat fritidsbruk. Bygningar nytta til utleige/næring kjem som hovudregel inn under arealformålet fritids- og turistformål.

Næringsområde er område som er nytta til industri, handverks- og lagerverksemd. Næringsverksemd som er nemnd som eige formål i lova, som til dømes kjøpesenter, forretning, tenesteyting, er ikkje rekna under næringsområde.

Småbåthamn er eit område i og ved sjø/vatn kor infrastruktur, adkomst og organisering legg til rette for fast og sikker fortøying av båtar inntil ca 40 fot. Ei småbåthamn har minimum 20

båtplassar og har vanlegvis deling av investerings- og driftskostnader, felles reglement, renovasjon, driftsansvar, parkering m.m.

Småbåtanlegg er eit felles bryggeanlegg for nærmare angitte brukarar, som oftast nærliggande bustad- og fritidseigedomar. Er av mindre storleik enn ei småbåthamn.

Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Bygningar for næringsverksemd som til dømes fiskeri, fiskeoppdrett og gardsturisme/reiseliv inngår ikkje i denne kategorien. Naust skal ikkje nyttast til opphald eller overnatting.

Naustområde er eit område som er disponert til naustbygging i kommuneplankarta.

Naustmiljø kan vere eit område med fleire eksisterande naust, uavhengig av arealformål.

Leikeareal er areal som er sett av til leik, medan **leikeplass** er areal som er opparbeidd til leik, til dømes med fallunderlag og leikeapparat. Leikeplass kan inngå i leikeareal.

Samleveg vil seia sambandsvegar innanfor område og tettstader, industrivegar og vegar med busstrafikk.

Tilkomstvegar vil seia bustadvegar og stikkvegar i industriområde.

Strandsona er det arealet som ligg i 100-metersbeltet langs sjøen, og som vert omfatta av pbl. § 1-8; forbod mot tiltak o.l. langs sjø og vassdrag.

Funksjonell strandsone er den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet. Funksjonell strandsone er vist som omsynssone i plankarta.

Universell utforming vil seia at produkt, byggverk og uteområde som er i allmenn bruk, skal utformast slik at alle menneskjer skal kunna nytta dei på ein likestilt måte så langt råd er, utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.

MUA er minste uteopphaldsareal. Arealet skal vera godt eigna til leik, opphald og rekreasjon og omfattar den ubygde delen av tomte som ikkje er avsett til trafikkareal. Restareal og areal avsett til fellesfunksjonar som avfallshandtering, sykkelstativ

og liknande er ikkje eigna til opphald og reknast ikkje med. Areal til private uteplassar reknast ikkje med, jf. TEK 17.

BYA er bygd areal og er det arealet som bygningen opptar i terrenget. I bygd areal reknar ein også med parkeringsareal, overbygd areal, utkraga bygningsdelar og konstruksjonar og bygningsdelar som stikk meir enn 0,5 m over gjennomsnittsnivået i terrenget, jf. TEK 17.

BRA er bruksareal og er arealet målt ved innvendig yttervegg i alle måleverdige etasjar, jf. TEK 17.

Forskrift om tekniske krav til byggverk er forkorta til. **TEK 17**. Sjå og veileder grad av utnytting.

4. Føresegner og retningslinjer

Føresegner til kommuneplanen er juridisk bindande og skal ved behandling av tiltak og planar utgjera heimelsgrunnlaget for vedtak, jf. pbl. §§ 11-9, 11-10 og 11-11. Avvik frå føresegnene må handsamast som dispensasjonssak, jf. pbl. §§ 19-1 og 19-2.

Retningslinjer er rådgjevande, men ikkje juridisk bindande, og gjev ikkje sjølvstendig heimel for vedtak. Dei er hovudsakleg utfyllande og gjevne for å visa korleis kommunen vil bruka føresegnene ved behandling av tiltak og planar. Planbeskrivinga inneheld retningslinjer for utvikling og utbygging av kommunen.

I teksten nedanfor har dei juridisk bindande føresegnene **lys brun** bakgrunn. Annan tekst er utfyllande retningslinjer og føringar. Føresegner og retningslinjer er inndelte etter arealbruksformål og omsynssoner, jf. inndelinga i plan- og bygningslova.

Tabellar med oversikt over disponible areal er samla bak i heftet.

5. Generelle føresegner (pbl. §11-9)

PLANKRAV

1. Innanfor planlagde byggjeområde kan utbygging eller arbeid og tiltak som er nemnde i pbl. § 11-7 nr. 1 og nr. 2, og likeins frådelling

til slike føremål, ikkje setjast i verk før området inngår i ein reguleringsplan. Reguleringsplanen skal visa plassering av bygningar og anlegg, planerings- og bygningshøgder og terrenghandsaming, jf. pbl. § 11-9 nr. 1.

2. Alle nye reguleringsplanar med utbyggingsområde mindre enn 100 meter frå vatn skal visa byggjegrænse mot vatnet, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
3. For område med byggjegrænse i strandsona skal det ikkje byggjast nærare vatn enn til byggjegrænsa, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
4. For Aksdalsvatnet, Fuglavatnet og Grindevatnet er byggjegrænsa til vatnet satt til 30 m, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
5. Utbyggingsavtala skal sikre gjennomføring av planen og tilhøyrande rekkefølgjeføresegner. I samsvar med plan skal utbyggingsavtala fastsetje endeleg bustad andel for bustadsosialt føremål, talet på bustader, bustadens minste/største størrelse og bruk av fortrinnsrett til å kjøpe ein andel av bustadane til marknadspris. Utbyggingstakt som tek i vare teknisk planlegging og gjennomføring og som sikrar gjennomføring i samsvar med tilgjengeleg eksisterande og ny tilført skulekapasitet fastsettast i forhandlinga om utbyggingsavtala. Utbyggingsavtalar skal sikre gjennomføring av reguleringsplanar med tilhøyrande rekkefølgjeføresegner. Det kan inngåast utbyggingsavtale for gjennomføring av områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplanar jf. pbl. § 11-9 pkt. 2 og 8 jf. § 17-2.

REKKEFØLGJEKRAV OG UTFORMING

6. Areal sett av til bygg og anlegg, jf. pbl. § 11-7 nr. 1, skal ikkje takast i bruk før veg, vass- og avløpsanlegg, energiforsyning og trafiksikker tilkomst for køyrande og mjuke trafikantar er etablert. Det skal sikrast tilfredstillande passasje for køyrande og mjuke trafikantar i anleggsperioden, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
7. Utbygging kan ikkje finne stad før det er kapasitetsdekning på sosial infrastruktur som skule og barnehage. Dette skal følgjast opp i reguleringsplan.
8. Ved planlegging og gjennomføring av tiltak, bygningar og uteområde skal det sikrast godt tilgjenge for alle befolkningsgrupper i samsvar



Føroland. Foto: Tysvær kommune

med dei tilgjengekriteria som er nedfelte i vegnormalane og byggt teknisk forskrift. Bygningar og uteområde skal utformast slik at dei kan brukast av alle menneske i så stor utstrekning som mogleg utan trong for tilpassing eller spesiell utforming, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

9. Reguleringsplanar i sentrums- og bustadområder skal innehalde rekkefølgekrev som sikrar tilrettelegging og opparbeiding av omkringliggende overordna grøntstruktur.
10. Nye tiltak skal ha god tilpassing til terreng og bygde omgjevnader, arkitektoniske kvalitetar utførte i varige materiale og godt gjennomarbeidde detaljar. Det skal visast særleg omsyn ved plassering og utforming av bygg som er eksponerte i landskapet. Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast mest mogleg, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.

OVERSKOTSMASSE OG MATJORD

11. Ved utarbeiding av reguleringsplanar for nye byggjeområde skal det gjerast greie for korleis deponering av overskotsmasse skal løysast. Før det blir gjeve løyve til nybygg, skal det liggja føre godkjent plan for deponering av overskotsmasse frå byggjeområda. Det skal òg liggja føre godkjenning av deponeringa etter anna relevant lovverk, som til dømes jordlova, lov om forureining ofl., jf. pbl. § 11-9 nr. 8.

12. Matjord frå nye godkjente byggjeområde skal skiljast frå andre jordmassar, og nyttast som ressurs for vidare matproduksjon i jordbruksområde, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
13. Ved omdisponering av meir enn 3 dekar samanhengande dyrka mark skal det opparbeidast nytt dyrka areal med tilsvarende storleik og kvalitet. Nydyrking skal som hovudregel skje i tilknytning til det gardsbruket som tapar dyrka mark og krev godkjenning etter nydyrkingsforskrifta, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
14. Ved tiltak der ein skal ta ut meir enn 10000 m³ med massar er dette konsesjonspliktig og må meldast til Direktoratet for mineralforvaltning.

TRYGGINGSTILTAK OG KLIMATILPASSING

15. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det takast omsyn til forskrift om miljøretra helsevern.
16. For tiltak som ligg i område der tilgjengeleg aktsemdskart for steinsprang, skred eller flaum eller andre høve tilseier potensiell naturrisiko, skal det utarbeidast faresonekart, jf. pbl. § 11-9 nr. 8.
17. I 100-metersbeltet langs sjøen, og for område langs vassdrag inntil 50 m frå strandlinje målt i horisontalplanet ved høgste vanlege flaumvasstand, skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. pbl. § 11-8.
18. Ved tiltak i strandsona skal det takast omsyn til nivået for 200-års stormflo. Underkant golv i opphaldsrom skal ikkje etablerast lågare enn kote +2,5 m. Fundament og lager kan etablerast lågare så fram til at konstruksjonen er dimensjonert for 200-års stormflo, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
19. Nye bygg skal liggja over nivået for 200-årsflaum inkludert tillegg for klimaendringar, og vassvegar og overvatnsystem skal dimensjonert for dette, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
20. Overvatn skal handsamast ved kjelda med lokal infiltrasjon og fordryging etter behov. Ny utbygging skal ikkje medføre auka avrenning til vassdrag. Eit aktuelt verkemiddel for å unngå flaumproblem er lokal infiltrasjon eller lokalt fordrygingsanlegg. Det vert krevd separat system for avløp og overvatn. Opne løysingar skal nyttast der det er praktisk mogleg.



21. Handsaming av overvatn skal vere eit utgreiingstema ved alle planar for utbygging. Ny utbygging skal ikkje medføre auka utslepp til vassdrag i form av forureining, inkludert partiklar og nærings saltar, som kan negativt påverke vasskvaliteten og biologien i heile eller delar av vassdraget.

RETNINGSLINJER BARN OG UNGE

22. Der det ligg føre barnetråkkregistrering, bør dette takast omsyn til ved planlegging av alle tiltak. Dersom nye tiltak vert starta opp i område der det ikkje er gjennomført registrering, bør dette gjennomførast i samband med reguleringsarbeidet, jf. pbl. § 11-9 nr. 8.

RETNINGSLINJER UTFORMING

23. For alle reguleringsplanar skal det utarbeidast vegetasjonskart som viser vegetasjon og landskap ein skal verna om, og eventuell nyplanta vegetasjon, jf. pbl. § 11-9 nr. 6 og 8.

24. Ved regulering av nye byggjeområde skal ein leggja vekt på tiltak som kan redusera samla energibruk. Bruk av fornybare energikjelder skal prioriterast, jf. pbl. § 11-9 nr. 6 og 8.

25. Det skal takast omsyn til klimatiske tilhøve, inkl. sol, vind, kaldras og liknande. på ein slik måte at ein reduserer energiforbruket mest mogleg, jf. pbl. § 11- 9 nr. 6.

RETNINGSLINJER KULTURMINNER

26. Kommunen plikter å sende søknad om riving eller vesentleg endring av freda bygg/anlegg og ikkje freda bygg/anlegg oppført før 1850 til vedkommande myndighet seinast fire veker før søknad vert avgjort. Vedtak om riving eller vesentleg endring av slike byggverk og anlegg skal sendast umiddelbart til vedkommande myndighet, dersom denne myndigheten har uttalt seg mot riving eller vesentleg endring, jf kulturminnelovas § 25.

27. Kulturminne i planområdet skal så langt som råd takast vare på, dette gjeld også moderne kulturminne som ikkje er verna etter kulturminnelova samt skipsfunn. Så langt som råd er, skal steingardar og andre kulturminne inngå som ein del av utforminga av dei ulike områda. Kommunen kan setja krav til fagleg vurdering dersom det er tvil om verdien eit objekt eller eit område har som kulturminne, jf. pbl. § 11- 9 nr. 7.

28. Til automatisk freda kulturminne høyrer minimum 5 meter sikringssone, jf.

kulturminnelova § 6. Når ein vurderer tiltaket, bør ein vurderer eit større areal kring det verna området eller minnet, fordi det kan utgjera ei viktig ramme for å kunne tolke og forstå i kva samanheng kulturminnet vart til, kva ressursar som vart utnytta, og kva samfunnsstruktur som tidlegare rådde i området, jf. pbl. § 11-9 nr. 7.

29. Kjente kulturminne finn ein i kommunens kulturminneplan og på temakart-rogaland.no. Føresegnene i kulturminnelova gjeld òg for ikkje kjente automatisk freda kulturminne.

RETNINGSLINJER VAKRE LANDSKAP

30. Innanfor områder registrert som Vakre landskap i Rogaland bør det leggjast særleg vekt på landskapstilpassing i utforming og plassering av nye bygg.

Føresegner til arealformål (pbl. § 11-7)

6. Bygg og anlegg (pbl. § 11-7 nr. 1)

1. Moglege formål for BA2 Eikje skule er bustad, fritidsbustad, kulturformål, fritids- og turistformål, næring, eller ein kombinasjon av desse, jf. pbl. § 11-9 nr. 1. Kommunen kan krevje reguleringsplan i samband med bruksendring.
2. Det skal utarbeidast felles kommunedelplan eller områderegulering for område BA4 og BA5 Tysværvåg, BA6, BA7, OR3 og N14 Slåttevik, og omkringliggjande område, jf. pbl. § 11-9 nr. 1. Det skal òg regulerast eit fullverdig toplankryss E39–fv. 780, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
3. I område BA4 Bjørnsvik kan det setjast av areal til skule, idrettsanlegg og friområde, jf. pbl. § 11-9 nr. 5. Området skal nyttast til offentlege formål, jf. pbl. § 11-10 nr. 3.
4. I område BA5 Tysværvåg kan det setjast av areal til offentleg eller privat tenesteyting, idrettsanlegg og bustad, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
5. I område BA6 Slåttevik kan det setjast av areal til sentrumsformål og offentleg eller privat tenesteyting, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
6. I område BA7 Slåttevik kan det setjast av areal

til sentrumsformål, bustad, og noko offentleg eller privat tenesteyting, til dømes barnehagar, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

7. Det skal ikkje setjast i gang bustadbygging på BA7 Slåttevik før 70 % av B54 er utbygd.
8. BA9 Stranda skule kan nyttast til kulturformål, fritids- og turistformål, eller ein kombinasjon av desse, jf. pbl. § 11-9 nr. 1.

Kombinererte formål

1. Område BA12 Grinde kan nyttast til idrettsanlegg og offentleg eller privat tenesteyting.
2. Område BA10 Hinderåvåg skal nyttast til kombinert sentrums- og bustadformål. Det skal ikkje byggjast meir enn to nye frittliggjande bustader på området, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
3. Område BA11 Hinderåvåg kan nyttast til fritidsbustader eller næring, der næring er avgrensa til kontor, hotell, bevertning og anna reiselivsrelatert serviceverksemd. Det skal utarbeidast felles reguleringsplan for BA11 og N17.
4. Område A-8.3 og 5 Gismarvik kan nyttast til naust og småbåthamn.
5. Område C-20.5 Longøy kan nyttast til småbåthamn, naust og fritids- og turistformål.

6.1 Bustad

1. Formålet gjeld byggjeområde for bustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal, jf. pbl. § 11-7 nr. 1.
2. Reguleringsplanar for bustadområde skal innehalda rekkefølgekrev som sikrar at veg, vatn, avløp, renovasjon, trafikksikker skuleveg, leikeplassar og anna naudsynt infrastruktur er opparbeidde og ferdigstilte før det kan gjevast bruksløyve for bustader, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
3. Tilkomstvegar mellom bustader og leikeplassar skal vera trafikksikre og universelt utforma, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
4. Det skal tilretteleggjast for minimum to biloppstillingsplassar per bueining større enn 50 m², og minimum ein biloppstillingsplass per bueining opp til 50 m². Bilar må kunna snu på

eigen grunn dersom ikkje anna vert fastsett i reguleringsplan. For nye bustadfelt skal det i tillegg setjast av areal til felles gjesteparkering, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

5. Frittliggjande garasje skal ha maks BRA 50 m², jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
6. Innanfor område der det skal byggjast meir enn ti bueiningar i konsentrert form, skal det setjast av areal til felles parkering og sykkelparkering. Arealet kan visast i plankartet, eller det kan stillast krav til at dette skal løysast i parkeringskjellar eller liknande. Lokalisering av større parkeringsplassar skal skje i nær tilknytning til køyrevegnett. Innanfor områda skal det òg setjast av areal til felles oppsamlingsplassar/henteplassar for avfall, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
7. Maksimal utnyttingsgrad i område med reguleringskrav skal fastsetjast gjennom plan, jf. pbl. § 11-9 nr. 8.
8. Område B2 på Susort skal ikkje byggjast ut før det er etablert tilstrekkeleg tilgang på vatn og kapasitet avløp, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
9. For områda B23 og B24 i Akسدal skal turvegar og anna opparbeiding og tilrettelegging for allmenn bruk av omkringliggjande friluftsområde gjennomførast parallelt med utbygging, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
10. For områda B41 og B42 på Førland skal bygging ikkje skje før tilstrekkeleg tilgang på vatn er etablert, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
11. For område B43 på Padlane kan utbygging skje etappevis. Utbyggingstakt skal tilpassast kapasitet på vatn og avløp. Utbyggingsetappar skal avklarast med Tysvær kommune, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
12. Område B73 Skjoldastraumen skal ikkje byggjast ut før det er etablert tilstrekkeleg kapasitet på avløp, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
13. Rekkefølgje og utbyggingstakt vert fastsatt i Tysvær kommune sin utbyggingsstrategi og bustadbyggeprogram. I dei delane av kommunen der det ikkje vert lagt særlege føringar, er hovudprinsippet at dei områda som er regulert og byggemodna vert bygd ut før ein startar byggemodning av nye områder, og

at områda nær bygdesentra vert bygd ut før områder lenger vekk.

RETNINGSLINJER

14. I skrått terreng bør bustad ha underetasje eller avtrappast med fleire plan eller halvetasjar for å tilpassast terrenget, jf. pbl. § 11-10 nr. 2. Med skrått terreng meiner ein der terrenget fell minst 1,5 m i huset si breidde.
15. Minst 50 % av nye bustader bør ha alle hovudfunksjonar på inngangsplanet slik at dei vert tilgjengelege bueiningar i samsvar med teknisk forskrift (TEK 10). Hovudfunksjonar er definerte som stove, kjøkken, soverom, bad og toalett. Detaljregulering skal visa kva for bustader som skal vera tilgjengelege bueiningar. Unntak kan gjevast der topografien gjer det særers vanskeleg å oppfylle desse krava, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
16. I eldre reguleringsplanar med utnyttingsgrad lågare enn 35 % BYA kan det opnast for tilbygg og garasjar med BRA opp til 50 m², så fram til at total utnyttingsgrad ikkje overstig 35 % BYA. Tilbygg og garasje skal ha ei utforming og takvinkel tilpassa hovudhuset.
17. Bueiningar skal ikkje ha einseitig orientering mot nord eller aust, jf. pbl. § 11-10 nr. 2.

6.2 Skeiseid

1. I tillegg til dei generelle føresegnene for dei ulike arealformåla gjeld følgjande føresegner for områda B18, OP3 og S1 Skeiseid, jf. pbl. § 11-9.
2. Det skal utarbeidast felles områderegulering, OR1, for områda B18-1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9, OP3-1, 2 og 3, S1 og n1, jf. pbl. § 11-9 nr. 1.
3. Det skal utarbeidast felles områderegulering, OR2, for områda B18-10, 11 og 12 og OP3-5, jf. pbl. § 11-9 nr. 1.
4. Områdereguleringsplanane skal innehalda formål med utnyttingsgrad, infrastruktur, parkeringsanlegg, leikeareal, turvegar og grøndrag, jf. pbl. § 11-9 nr. 1. Kollektivtrasear og busshaldeplassar skal sikrast i områdereguleringane. Det skal sikrast gode gang- og sykkelsamband fram til haldeplassane, jf. pbl. § 11-9 nr. 3.

5. OR2 skal ikkje byggjast ut før 80 % av OR1 er utbygd, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
6. B18-5 skal ikkje byggjast ut før 80 % av B18-3 er utbygd, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
7. B18-6 og B18-9 skal ikkje byggjast ut før 80 % av B18-8 er utbygd, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
8. Områdereguleringane skal innehalda rekkefølgjekrav som sikrar utbygging frå nord mot sør. Nordre sløyfe av kollektivaksen IS5 skal vera klar til bruk når til saman 50 % av B18-3 og B18-7 er byggjemodent. Søre sløyfe av kollektivaksen IS5 skal vera klar til bruk når 50 % av B18-8 er byggjemodent, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
9. Innanfor område B18-1, 2, 3, 7, 8 og 10 skal det byggjast ut med ein tettleik på minimum 3,0 bustader per dekar. Område B18-4 skal byggjast ut med ein tettleik på minimum 2,5 bustader per dekar. Innanfor område B18-5, 6, 9, 11 og 12 skal det byggjast ut med ein tettleik på minimum 2,0 bustader per dekar, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
10. Nødvendig infrastruktur, grøntområde, leikeareal og turvegar i og rundt kvart enkelt utbyggingsområde skal opparbeidast seinast parallelt med utbygging av området, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
11. Det skal leggjast til rette for trafikksikker kryssing av Høievegen ved S1, jf. pbl. § 11-9 nr. 3.
12. På B18 Skeiseid skal det ikkje byggjast meir enn 100 bustader før det er dokumentert tilstrekkeleg kapasitet for av- og påkøyrse til E134. Dette inkluderer kapasitet på tilkomstvegar mellom B18 og E134, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
13. Det er tillate å etablere flytebyggjer i hamneområda knytte til naustområde n1. Ålmenta skal ha uhindra tilgang til området. Parkeringsplass tilhøyrande anlegget skal vera ferdig opparbeidd før anlegget kan takast i bruk, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
14. Alle vassdrag med tilhøyrande strandsone skal så langt som mogleg oppretthaldast som naturområde. Tilrettelegging for friluftsmål kan tillatast, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.



Frakkagjerd og Skeiseid. Foto: Tysvær kommune

RETNINGSLINJER

15. Våtmarksområdet NM5 Svarteløkjen bør bevarast som lokalt naturvernområde. Ved regulering og i den vidare planlegginga bør det sikrast at vassnivå og tilrenning blir endra minst mogleg. Opparbeiding av tilgrensande områder bør skje på ein skånsam måte, og slik at ikkje forureining mellom anna frå overvatn blir leidd til våtmarksområdet. Det bør ikkje førast opp bygg eller anlegg innanfor området. Det bør heller ikkje gjerast terrenginngrep eller andre arbeid eller tiltak. Turveg gjennom området kan tillatast så lenge han ikkje endrar naturmiljøet, jf. pbl. § 11-9 nr. 6

6.3 Fritidsbustad

1. Formålet gjeld byggjeområde for fritidsbustad med tilhøyrande teknisk anlegg, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal, jf. pbl. § 11-7 nr. 1.
2. Det skal ikkje skillast ut hyttetomter større enn 1000 m². Nausttomt knytt til same matrikkeleining kjem i tillegg.
3. Ein fritidsbustad skal ha maksimum storleik (BYA) 135 m² utanfor 100-metersbeltet, og 90 m² innanfor 100-metersbeltet. Arealet kan vere fordelt på 2 bygg med inntil 8 m avstand. Det minste bygget skal ikkje vera større enn BYA 20 m². Naust og parkeringsplass vert ikkje rekna inn i arealet. Ved byggjesøknad skal eksisterande og framtidig terreng visast på fasadeteikningane. Byggjesøknad skal også ha kart som viser parkeringsplass og eventuelt båt plass, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.



Foto: Tysvær kommune

4. Hytter med saltak skal ha maks gesimshøgde 4 m, og maks mønehøgde 5,5 m. For hytter med pulttak skal maks gesimshøgde på lågaste gesims vere 4 m, og maks gesimshøgde høgaste gesims vere 5,9 m. Hytter med flatt tak skal ha maks høgde 4 m. Takvinkelen skal ikkje vera større enn 40°, og helling på taket skal følgje terrenget, jf. pbl. § 11-9 nr. 5. Høgde vert fastsett ut frå ferdig planert terreng.
5. Det skal vera minimum ein biloppstillingsplass per hytte. Parkering kan skje på eigen grunn, eller på felles parkeringsplass, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
6. For eksisterande hytteområde utanfor strandsona, jf. pbl. § 1-8, som heilt eller delvis er utbygd utan interne tilkomstvegar, kan vegtilkomst avklarast ved reguleringsendring. Det skal dokumenterast ei heilskapsvurdering av området under eitt, og tal på interne vegar skal minimaliserast. Ein skal fortrinnsvis etablere felles tilkomstvegar med tilhøyrande felles parkeringsplass. Vegar skal etablerast naturleg i terrenget i reverserbar standard, utan sprenging eller asfaltdekke, jf. pbl. § 11-10 nr. 1.
7. Hytteområde skal lokaliserast slik at bygningar og anleggsmessige inngrep ikkje vert dominerande i landskapet. Store skjeringar skal unngåast. I skrånande terreng skal skjeringar og fyllingar vere tilnærma like. Fjernverknad sett frå sjø og sentrale standpunkt på land skal dokumenterast.
8. Taktekking med sterke fargar eller reflekterande overflate, til dømes glatte metallplater, bør ikkje tillatas. Solcellepanel er tillate.
9. Skarpe fargar på fritidsbustader vert ikkje tillata som hovudfarge eller som kontrastfarge på vinduer, vindskier, grunnmur m.m.. Eventuelle sidebygg skal vere i same farge som hovudbygget. Eventuell oppbygd terrasse og rekkverk skal vere i byggets hovudfarge. Kva fargar som kan nyttast må konkretiserast i reguleringsplan.
10. Dersom fritidsbustader skal plasserast i eit eksisterande bygningsmiljø skal nye bygg tilpassast bygningsmiljøet. I slike tilfelle kan ein nytte dei fargar og material som best integrerer dei nye bygga i det eksisterande bygningsmiljøet.
11. I reguleringsplanen skal det setjast av areal til felles oppsamlingsplassar/ henteplassar for buss, og areal for felles gjesteparkering, jf. pbl. § 11-9 nr.5.
12. I samband med reguleringsplan skal det dokumenterast løysingar som sikrar tilstrekkeleg tilgang på sløkkevatn heile året.
13. I områder der offentleg vassleidning går over fritidseigedomen eller i veg som grensar til den, eller over nærliggande areal, skal bueininger som ligger på eigedomen knytast til vassleidningen. Vil dette etter kommunens skjønn vere forbunde med uforholdsmessig

stor kostnad, eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. pbl. § 27-1 og 27-2.

14. Det bør setjast av areal til båtplassar for sjønære hytter i reguleringsplan. På Borgøy skal det vere tilgang på ein båtplass per hytte, i tillegg til gjestehamn, jf. pbl. § 11-9 nr. 8.
15. Innanfor område C-15.1 (Stong) kan det etablerast konsentrert fritidsbusetnad i tillegg til ordinære fritidsbustader. Plassering og utforming skal avklarast i reguleringsplan. Det skal leggast vekt på god landskapstilpassing.

6.4 Sentrumsformål

1. Formålet gjeld sentrumsområde med tilhøyrande sentrumsfunksjonar som bustad, infrastruktur, forretning, kontor og kulturtilbod, jf. pbl. § 11-7 nr. 1.
2. Innanfor områda med sentrumsformål kan det leggast til rette for nærings- og serviceverksemd, bustader, og offentlege og private bygg til skule, omsorgsbustader, kulturtilbod, institusjonar og helsetenester. Det skal ikkje etablerast plasskrevjande varehandel, industri eller lager i områda. Allment tilgjenge skal ha fortrinnsrett på gatenivå, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
3. Det skal dokumenterast tilfredsstillande tilhøve for varelevering og tilkomst for renovasjon, jf. pbl. § 11-9 nr. 3.
4. For bustader skal det leggast til rette for mellom 1 og 1,5 parkeringsplass per buening større enn 50 m², og ein biloppstillingsplass per buening opp til 50 m². I tillegg skal det leggast til rette for gjesteparkering. Parkering skal skje i fellesanlegg. Det skal setjast av areal til sykkelparkering og felles oppsamlingsplassar/ henteplassar for buss, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
5. For andre sentrumsfunksjonar enn bustad skal det dokumenterast tilstrekkeleg parkering, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
6. I område med sentrumsformål kan kommunen krevje at parkering for bustader skal skje i parkeringskjellar. For andre sentrumsfunksjonar kan kommunen krevje at parkering for tilsette skal skje i parkeringskjellar. Gjeste- og



Flyfoto av Aksdal. Foto: Tysvær kommune

kundeparkering kan skje på gateplan, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

7. Detaljreguleringar skal ta stilling til visuelle uttrykk som fargebruk, materialbruk, skilt og reklame, jf. pbl. § 11-9 nr. 8.
8. På S2 Frakkagjerd skal det ikkje byggjast meir daglegvare før krysset E134-Frakkagjerdvegen er utbetra. Anna utbygging kan tillatast før krysset vert utbetra, dersom det vert dokumentert at utbygginga ikkje fører til auka trafikkbelastning i krysset. Omdisponering av arealbruk i eksisterande bygningsmasse som fører til ei auka trafikkbelastning i krysset, vert ikkje tillaten før krysset er utbetra, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.

6.5 Fritids- og turistformål

6.5.1 Reiselivsplanlegg

1. Formålet gjeld bygg og anlegg der det blir drive kommersiell aktivitet retta mot turistar, til dømes overnattingstilbod, servering, sal av varer og tenester retta mot turistar eller andre reisande, opplevings- og aktivitetstilbod, gards- og bygdeturisme, jf. pbl. § 11-7 nr. 1.
2. Byggjegrænse mot vatn skal fastsetjast i reguleringsplan. For nye område skal byggjegrænse ikkje vera mindre enn 30 m frå sjø eller innsjø. Tiltak knytte til badeplass og båthamn kan liggja nærare vatnet, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
3. Kommunen kan gje løyve til utleigeeiningar med overnattingsplassar nærare sjø enn byggjegrænse. Det skal etablerast ein ålment tilgjengeleg passasje i form av gangveg eller tursti på sjøsida av einingane, og underkant golv for alle opphaldsrom skal vera minimum på kote + 2,5 meter. Bygningane skal plasserast slik at dei ikkje vert oppfatta som ein barriere mellom sjøen og resten av campingplassen.
4. For nye reiselivsplanlegg og overnattingsverksemdar skal det lagast reguleringsplan.
5. For utleigehytter gjeld føresegnene punkt 6.3 om fritidsbustader.
6. I byggjeområde som er del av landbruks-eigendomar, skal jordlova § 9 (om bruk av dyrka og dyrkbar mark) og § 12 (om deling) vera gjeldande.
7. Punkt 1 til 6 gjeld og campingplassar og punkt 6.5.2.
8. Område FT9 Fåra kan nyttast til servering og utleigeeiningar. All utbygging, og eventuelle anlegg i vatn, skal avklarast i reguleringsplan. Det skal i reguleringsplan vere ei utbygging av området i 2 trinn. Det skal ikkje gjerast store terrenginngrep i området. Det skal ikkje plasserast bygg på toppen av kollen eller slik at det oppstår ein markant silhuettverknad. Det skal opparbeidast ein ålment tilgjengeleg tursti langs Botnavatnet seinast parallelt med utbygging vest for vegen. Kaianlegg og andre



fellesareal ned mot vatn skal vera ålment tilgjengeleg, jf. pbl. §§ 11-9 nr. 4, 5 og 6, og 11-10 nr. 3.

9. I samband med utbygging av C20 Langøysund skal det i felles reguleringsplan vere ei utbygging av området i 2 trinn.

6.5.2 Campingplassar

1. Formålet gjeld område som er tilrettelagde for camping. Dette inkluderer område for campingvogner, husvogner og bubilar, terrenginngrep og faste konstruksjonar knytte til vognene, område for telt, utleigehytter, servicefunksjonar og fellesareal, jf. pbl. § 11-7 nr. 1.
2. For tiltak på campingplassar er følgjande definisjonar lagde til grunn:
 - Med vogn meiner ein her campingvogn, husvogn og bubil.
 - Med mobil konstruksjon meiner ein her vogn som lett kan slepast vekk med traktor, bil e.l., telt og fortelt.
 - Med fast konstruksjon meiner ein her alle vogner som ikkje kan reknast som mobile, og i tillegg terrassar og tilbygg.
 - Med campingeinig meiner ein her vogn, terrasse og tilbygg.
 - Med terrenggolv meiner ein her konstruksjon som ikkje er høgare enn 50 cm over gjennomsnittleg terrengnivå.
 - Med terrasse meiner ein her konstruksjon som er høgare enn 50 cm over gjennomsnittleg terrengnivå.
 - Med prefabrikkert elementbygg meiner ein her fabrikkproduserte byggesett berekna som tilbygg til campingvogn eller husvogn.

Elementbygga skal vere enkle å demontere og flytte ved behov.

3. Største løyvde bygde areal (BYA) er 65 m² per campingeinnging innanfor 100-metersbeltet, og 100 m² utanfor 100-metersbeltet. Areal til parkering skal ikkje reknast inn i BYA. Frittstående bod er ikkje tillate, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
4. Eventuelle tilbygg skal byggjast som prefabrikerte elementbygg. Desse skal stå langsmed vogna, og skal ikkje vera lengre enn vogna. Dei skal vera maks 4 m djupe, og tilpassast vogna i høgd, jf. pbl. § 11-9 nr. 5. Alternativt kan ein plassere paviljongar/ takoverbygg langsmed vogna.
5. Terrassar skal ikkje vera større enn 40 m², og vera maks 80 cm over bakken på det høgaste punktet, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
6. Terrenggolv kan gjevast løyve til i tillegg til terrassar. Mindre terrenginngrep opp til 80 cm høgd kan det gjevast løyve til. Terrenginngrep knytte til terrenggolv skal vera reversible, sprenging og støyping er ikkje tillate, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
7. På terrassar og terrenggolv kan det byggjast rekkverk, levegg eller ein kombinasjon av desse. Det kan byggjast opp til 10 m levegg i opp til 1,80 m. høgd. På levegg nærare neste campingeinnging enn det krava til faste konstruksjonar seier, skal alt over 100 cm vera av glas eller gjennomsiktig plast omramma av aluminium, stål e.l. Rekkverk skal ikkje vera høgare enn 100 cm, jf. pbl § 11-9 nr. 5.
8. For campingeinngingar med BYA til og med 65 m² skal faste konstruksjonar ikkje setjast opp nærare andre faste konstruksjonar enn 6 m. Mobile konstruksjonar og konstruksjonar med brannklasse EI15 eller betre kan liggja nærare neste campingeinnging, men ikkje nærare enn 3 m. Frittstående brannveggar er ikkje tillatne, jf. pbl. § 11-9 nr 5.
9. For campingeinngingar med BYA over 65 m² skal faste konstruksjonar ikkje setjast opp nærare andre faste konstruksjonar enn 8 m. Mobile konstruksjonar og konstruksjonar med brannklasse EI15 eller betre kan liggja nærare neste campingeinnging, men ikkje nærare enn 5 m. Frittstående brannveggar er det ikkje løyve

for, jf. pbl. § 11-9 nr 5.

10. Det skal vera minimum 1,5 biloppstillingsplassar per campingeinnging. Parkering kan skje i tilknytning til kvar campingeinnging eller på felles parkeringsplass, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
11. På område med oppstillingsplassar for korttidsutleige er det ikkje løyve med bygningsmessige tiltak i samband med telt og vogner. Det kan etablerast opp til 20 m² terrenggolv, og ein biloppstillingsplass for kvar vogn. Område skal leggjast til rette slik at det ikkje blir mindre enn 3 m mellom vognene, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.



Foto: Tysvær kommune

12. Ei campingeining skal ha eit heilskapleg farge- og materialval slik at ho står fram som ei eining, og skal vera tilpassa natur- og kulturmiljøet i området. Campingeininga skal ikkje plasserast slik at det medfører markant silhuettverknad, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
13. Terrenginngrep med tanke på oppstillingsplassar for vogn, vegar og liknande skal tilpassast eksisterande terreng og vegetasjon. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad bevarast. Dominerande vegskjeringar skal så langt som mogleg unngåast. Vegar skal førast fram skånsamt, og terrenginngrep skal så langt som råd tildekkast med jord, jf. pbl. §11-9 nr. 6.
14. I samband med reguleringsplan skal det dokumenterast tilfredstillande løysingar for vatn og sanitær for alle brukarar av campingområdet.
15. I byggjeområde for eksisterande campingområde som er del av landbrukseigedommar, skal jordlova § 12 (om deling) gjelda.
16. Tiltak som vert rekna som faste, inkludert husvogner, er søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova § 20- 4. Dokumentasjon på at eigar av campingplassen tillet tiltaket, skal følgja med søknaden.
17. Ved eigarskifte skal gamle tiltak på parsellen sanerast eller endrast slik at dei tilfredsstillir dagens krav.
18. Ved behov for fornying kan ein vurdere kolonihage/parsellhage gjennom reguleringsplan.

RETNINGSLINJER

19. Det bør leggjast til rette for allmenn tilgang i område langs sjø og vatn.
20. Gjesteparkering bør skje på felles parkeringsplass nær innkøyrsele til campingplassen.

6.6 Næringsområde

1. Formålet gjeld område for etablering av næringsverksemd med tilhøyrande teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal, jf. pbl. § 11-7 nr. 1.

2. Nye verksemdar skal ikkje plasserast slik at dei blir til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad, offentleg eller privat tenesteyting, sentrumsområde, leikeplassar o.l. med tanke på støy, forureining eller andre negative konsekvensar med omsyn til miljøet, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
3. Det skal etablerast buffersoner, fortrinnsvis som vegetasjon, som skjermar nærliggjande omgjevnad. Buffersoner skal liggja innanfor areal som er sette av til byggjeformålet, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
4. I framtidige næringsområde, og i utviding av eksisterande område, skal det leggjast til rette for mjuke trafikantar, jf. pbl. § 11-9 nr. 3.
5. Område N3 Slogavika kan nyttast til aktivitet knytt til akvakulturanlegg i sjø, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
6. Før område N4 Espevik kan takast i bruk til ny aktivitet, skal det utarbeidast reguleringsplan, jf. pbl. § 11-9 nr. 1.
7. Område N17 Tveit kan nyttast til kontor, hotell, bevertning og anna reiselivsrelatert serviceverksemd. Området kan ikkje byggjast ut før minimum 75 % av FT10 Tveit er bygt ut. Det skal utarbeidast felles reguleringsplan for BA11 og N17, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

RETNINGSLINJER

8. I framtidige næringsområde, og i utviding av eksisterande område, bør det leggjast til rette for energireducerande tiltak, og forsyning av til dømes vassboren varme og biovarme, jf. pbl. § 11-9 nr. 3.
9. Detaljreguleringar bør ta stilling til visuelle uttrykk som fargebruk, materialbruk, skilt og reklame, jf. pbl. 11-9 nr. 8.

6.7 Idrettsanlegg

1. I Grinde skal det visast omsyn til elva og strandsona i vidare planlegging, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.

6.8 Andre typar bygningar og anlegg

6.8.1 Naust

1. Innanfor føremålet naustområde kan det byggast naust, landfast flytebrygge m/landgang, utliggar og kai.
2. Naust er lagerbygg og skal ikkje innreiast eller nyttast til varig opphald.
3. Det skal ikkje skillast ut nausttomter større enn 100 m². Det må dokumenterast rett til bilparkering før frådelling, eller før godkjenning av byggjeløyve på tidlegare frådelt tomt. Dette kravet kan fråfallast dersom naustet ligg i direkte tilknytning til bustad eller fritidsbustad.
4. I områder med 2-6 naust kan ein tillate fortetting og utviding av inntil 7 naust utan reguleringsplan dersom følgjande krav vert følgt.
 - Nye naust skal ligge i tilknytning til eksisterande naust.
 - Nye naust skal ikkje redusere ålmenta si tilgang på strandsonen.
 - Nye naust skal ikkje kome i konflikt med badeplassar, fiskeplassar eller andre områder som kan nyttast til rekreasjon.
 - Nye naust skal ikkje plasserast på dyrka mark eller innmarksbeite, og det skal ikkje vere naudsynt å omdisponere dyrka mark eller innmarksbeite for å sikre tilkomst til naustet.
 - Nye naust skal ikkje plasserast i område der forhold i sjø gjer at ein ikkje kan komme inntil naustet med båt utan store fyllingar eller andre terrenginngrep.
 - Det skal ikkje være behov for store terrenginngrep som skjeringar og fyllingar for å få plass til nye naust.
5. Naust kan oppførast som separate einingar eller byggjast saman. Der det er ei samling av fleire naust, blir det tilrådd ei ledig plassering, slik at ikkje alt ligg parallelt og på linje. Det er også ønskeleg med variasjon i breidd og tilsvarande i mønehøgde. Det skal leggjast vekt på estetisk utforming og god lokal tilpassing, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
6. Plassering av naust skal ikkje vera til hinder for fri ferdsel langs stranda. Bryggjar skal generelt ikkje byggast slik at dei stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjøen. Terrenginngrep skal avgrensast til det som er nødvendig for plassering av naustet. Utfylling i sjø skal vere minst mogleg. Skjeringar i bakkant skal ikkje bli høgare enn 3 meter, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
7. For områda n1 Udnavika, og n44 og n45 Sundførvågen skal framkant på naustet mot sjøen ikkje liggja meir enn 1 m utanfor flomål, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
8. For andre område skal framkant på naustet mot sjøen ikkje liggja utanfor flomål, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
9. Dersom det ikkje er lagt andre føringar, skal maks storleik på naust vera BYA 40 m². Breidd skal vera maks 5 m og gesimshøgde maks +3,5 m, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
10. Naust skal ha saltak der takvinkel er tilpassa eksisterande bygningar på staden. Takvinkel skal ikkje overstige 45°. Taktekking skal vera med betongtakstein, tegl, skifer eller anna naturmateriale. I gavlar skal det vera tradisjonell avslutning med dekkbord og vindskier, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
11. Over grunnmur skal byggjemateriale vera tre eller naturstein. Fargeval skal tilpassast det natur- og kulturmiljøet som finst på staden, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
12. Summen av lysopningar frå vindaug, inklusive vindaug i dør, skal ikkje overstige 1 m². Tilleggsvindaug eller skyvedører som kan dekkast til med skodder eller liknande er ikkje tillate. Dører skal vera sidehengsla tredører, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
13. Påbygg, tilbygg og tiltak som kan redusere ålmenta si tilgang rundt naustet er ikkje tillate. Takutstikk skal ikkje vere meir enn 50 cm frå yttervegg naust, målt horisontalt.
14. I naustet er sløyebenk og vask løyvd. Toalettrom i naust kan vere inntil 3m² og utstyrast med toalettskål og handvask. Innlagt vatn krev utsleppsløyve. Anna form for innreiing i naust er det ikkje løyve for.
15. Bryggjer i tilknytning til naust skal ha utforming og storleik som gjer at dei ikkje dominerer i landskapsbildet. Dersom det ikkje er lagt andre føringar, skal maksimumsmål for bryggje ikkje

overstiga (7 m x 2 m). Bryggja må ikkje vera til hinder for allmenn ferdsel langs stranda på land, heller ikkje for småbåtferdsel. Det skal leggjast til rette for fellesløysingar der det er mogleg, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

16. For naustområda i Sundførvågen, n44 og n45, skal det leggjast stor vekt på å tilpassa seg det eksisterande kulturhistoriske bygningsmiljøet på staden når det gjeld plassering, materialbruk og byggeskikk. Dette gjeld både ved nybygging og restaurering/vedlikehald, jf. pbl. § 11-9 nr. 7.
17. I område n7 Høievika, n23 Susort, n30 Nes, n31 Fikstveit, og n40 Nessa skal det leggjast spesiell vekt på å avgrensa naturinngrep. Bryggjeutstikk/pir skal vera maks 1,8 m x 4 m (b x l). Maks storleik på naust skal vera BRA 25 m², jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

6.9 Uterom/ leikeareal

1. For nye bustader skal minste uteopphaldsareal (MUA) vera 50 m² per bueining. Kvar bueining skal ha minimum 5 m² privat uteareal, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
2. I bustadområde med fleire enn tre bueiningar skal minimum 20 m² av MUA opparbeidast som leikeareal, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
3. I LNF-område og bustadområde med ei til bueiningar kan heile MUA opparbeidast som felles privat uteareal, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
4. For sentrumsområde skal minste uteopphaldsareal (MUA) vera 30 m² per bueining. Kvar bueining skal ha minimum 5 m² privat uteareal, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
5. Uterom/leikeareal skal vera store nok og eigna for lek og opphald, kunna nyttast av ulike aldersgrupper og sikra samhandling mellom barn, unge og vaksne. Leikeplassar skal vera sentralt plasserte i høve til flest mogleg bustader og i høve til andre grøntområde i nærleiken, jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6.
6. Uterom/leikeareal skal vera sikra mot støy, forureining, trafikkfare og annan helsefare. Areal med støynivå over 55 dB (A) og areal sette av til køyreveg, parkering eller fareområde skal ikkje reknast som leikeareal. Areal nær høgspenteleidningar og transformatorar er ikkje eigna til lek, jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6.



Førland skole. Foto: Tysvær kommune

7. Uterom/leikeareal skal som hovudregel ikkje vera brattare enn 1 : 3 og ikkje smalare enn 10 meter. Brattare eller smalare areal må ha særskilde kvalitetar, til dømes at det er eigna til akebakke. Leikeplassar skal plasserast og opparbeidast med sikte på best mogleg utnytting av soltilhøve og lokalklima, jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6.
8. Krav til leikeareal gjeld framfor løyvd utnyttingsgrad og framfor krav til kor mange parkeringsplassar det skal vera, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
9. Leikeplassar og anna uteopphaldsareal skal opparbeidast samtidig med omkringliggjande bustader, jf. pbl. § 11-9 nr. 4.
10. Føresegna omfattar kvalitetskrav for felles leike- og uteopphaldsareal samla, og krav

til minimumsstørrelse på felles leike- og uteopphaldsareal basert på antal bueiningar, jf. tabell nederst på siden.

11. Mindre leikeareal kan innpassast i dei større så lenge krava til avstand frå bustad er tilfredstilte. Dersom det er fleire leikeplassar og ballplass innanfor same areal, skal dei ulike plassane skiljast frå einannan med vegetasjonsskjermer eller liknande, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
12. Sandleikeplass og kvartalsleikeplass kan slåast i saman for opp til 30 bueiningar. Kvartalsleikeplass og ballfelt kan slåast i saman for opp til 175 bueiningar. Ballfelt og rekreasjonsområde kan slåast i saman for opp til 700 bueiningar. Kvartalsleikeplass og rekreasjonsområde kan slåast i saman for opp til 200 bueiningar.
13. Krava til leikeområda kan reduserast dersom det kan dokumenterast at kravet til leikeareal er tatt hand om i nærleiken, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

RETNINGSLINJER

14. Stader som peiker seg ut som framtidige naturlege leikestader, eller som allereie er tatt i bruk av barn som naturlege leikeområde, bør sikrast som ein del av framtidige leikeareal eller uteområde og setjast av til dette formålet, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
15. Ved tilrettelegging av areala bør ein så langt som mogleg prøva å ta vare på variert terreng og naturleg trevegetasjon. Ballfelt bør liggja slik at ein unngår store terrenginngrep, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
16. Ved fortetting eller utviding av eksisterande bustadområde bør ein vurdere det totale behovet for leikeareal. Arealane bør

dimensjonerast for det forventa talet på brukarar.

17. Dersom eit område ikkje klarar å tilfredsstilla arealkrava til leikeområda, bør kommunen stilla krav om at området kan betale inn til eit fond som skal sikre at det blir opparbeid leikeplassar i nærleiken, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

7. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 11-7 nr. 2)

7.1 Veg

1. For bustadområde der det er krav om reguleringsplan, skal alle vegar med tilkomst til ti eller fleire bueiningar opparbeidast med minimum einssidig fortau. Tilkomst til gang- og sykkelveg, turveg, leikeplassar og busstoppar skal vera sikra med fortau, jf. pbl. § 11-9 nr. 3.
2. Samlevegane knytt til bustadområde skal opparbeidast med tosidig fortau eller gang- og sykkelveg, jf. pbl. § 11-9 nr. 3.
3. Gjeldande Rammeplan for avkøyring, utarbeidd av Statens vegvesen, skal leggjast til grunn ved handsaming av avkøyringar til riks- og fylkesveg, jf. pbl. § 11-10 nr. 4.
4. Det skal i reguleringsplan vurderast behovet for omsynssonar i byggeperioden knytt til behov for midlertidig beslag av areal til skråningar/fyllingar i byggefasen, masselagring, riggplass m.m.

Funksjonskrav til leikeplasstyper. jf. A TH, retningslinjer pkt 15

Leikearealtype	Avkortelse	maks boliger	min. boliger	min størrelse i m ²	anbefalt avstand
Nær- /sandleikeplass	NL	25	4	150	50
Område- /Kvartaleikeplass	KVL	200	25	1500	150
Aktivitetsflate/ Ballfelt	BL	600	150	2500	400
Rekreasjonsområde	NML	1200	600	6000	500

RETNINGSLINJER

5. Behov for trafikkisikker kryssing av veg for mjuke trafikantar, til dømes fotgjengarovergang eller bru/undergang, bør vurderast ved alle nye reguleringsplanar.
6. Det bør takast omsyn til naturlege snarvegar for gåande og syklande slik at avstanden til dømes kollektivtransport blir kortast mogleg.

8. Grønstruktur (pbl. § 11-7 nr. 3)

RETNINGSLINJER

1. Grønstrukturen i og mellom byggjeområda skal i størst mogleg grad vera samanhengande. Han skal knytast opp mot lokale tur- og friluftsområde der det er naturleg, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
2. Karaktertrekka i landskapet skal i størst mogleg grad takast vare på med omsyn til rekreasjonsverdi, fleirbruk og grønstruktur, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
3. Alle hovudturvegar bør vera tilrettelagde for alle brukargrupper. Langs turvegar nær bustadområder skal det leggst til rette for gode møte- og kvileplassar, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

9. Landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF-område) (pbl. § 11-7 nr. 5)

9.1 Felles føresegner

1. På gardsbruk kan det førast opp bygningar og anlegg for stadbunden næring. Stadbunden næring vert definert som i rettleiar H-2401 Garden som ressurs, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 pkt. a.
2. Dersom det ikkje finst anna plassering, kan naudsynte bygningar og anlegg for stadbunden landbruksnæring og næringsfiske plasserast i 100-metersbeltet. For landbruk må desse lokaliserast i tilknytning til eksisterande tun og for fiske i tilknytning til eksisterande hamneanlegg. Ved plasseringa skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre interesser, jf pbl § 1-8.
3. Etablerte, lovleg oppførte, frådelt og bebygde bustadeigedomar i LNF-område utanfor 100-metersbeltet vert definert som LNF-spreidd bustadbygging, sjå pkt. 9.2.1, jf. pbl. § 11-7, nr. 5b.
4. Etablerte, lovleg oppførte, bebygde og uregulerte fritidseigedomar i LNF-område utanfor 100-metersbeltet vert definert som LNF-hyttebygging spreidd. For desse eigedomane tillates riving, fasadeendring og oppføring av fritidsbustad/erstatningshytte på inntil 90 m² BYA i ein etasje med mønehøgde 5,5 m og gesimshøgde på 4 m, samt bod på inntil 15 m² BYA. Bod kan plasserast i forlenging av



Foto: Bente Helen Bergstøl Norvalls



fritidsbustad dersom dette passar i forhold til landskap og omgjevnader. Terrasse på inntil 30 m² BYA er tillate. Plassering av bygg og tilbygg skal tilpassast landskap og omgjevnader.

5. I områder der offentleg vassleidning går over fritidseigedomar eller i veg som grensar til den, eller over nærliggande areal, skal bueininger som ligger på fritidseigedom knytast til vassleidningen. Vil dette etter kommunens skjønn vere forbunde med uforholdsmessig stor kostnad, eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jf. pbl. § 27-1 og 27-2.

RETNINGSLINJER

6. Det bør ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogområde av høg bonitet. Med byggjast meiner ein i denne samanhengen også vegtilkomst. Det må ikkje delast frå tomt nærare driftsbygning i landbruket enn 100 meter. Dette gjeld driftsbygg i tradisjonell drift som kan gje lukt- eller støypager. Frådelingar eller byggjeløyve må ikkje føra til auka trafikk gjennom gardstun, jf. pbl. § 11-11, nr. 1.

9.2 LNF-område der spreidd bustadbygging er tillate

1. For desse eigedomane er det tillate med riving, fasadeendring og oppføring av bustad/erstatningsbustad på inntil 250 m² BYA, samt garasje på inntil 70 m² BYA med maks gesimshøgde 3 m, maks mønehøgde 6 m og ikkje takvinkel over 40 gr.. Plassering av bygg og tilbygg skal tilpassast landskap og omgjevnader. (Gjeld heilårsbustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar og parkering. jf. pbl. § 11-7, nr. 5b.)

2. For dei delar av LNF-områda der det er opna for spreidd bustadbygging, kan det talet på heilårsbustader som er vist i arealdelen, først opp i planperioden, sjå tabell 4, jf. pbl. 11-11 nr. 2.
3. Nye bustadbygg skal først opp i nærleiken av eksisterande bustader, og nytte eksisterande vegtilkomst, jf. pbl. § 11-11 nr. 2.
4. Nye bustadbygg skal ikkje komma i strid med dyrka/dyrkbar mark, samanhengande innmarksbeite, samanhengande skogsområde av høg bonitet eller andre viktige kulturlandskapsomsyn, jf. pbl. § 11-11 nr. 2.
5. Nye bygg skal liggja meir enn 100 meter frå aktive driftsbygg, og meir enn 100 meter frå automatisk freda kulturminne, jf. pbl. § 11-11 nr. 2.
6. Bygningar skal ikkje oppførast nærare sjø eller vassdrag enn 100 meter, og næraste eigedomsgrense ved frådeling skal ikkje vera nærare sjø eller vassdrag enn 100 meter, slik at fri ferdsel vert sikra, jf. pbl. §§ 11-9 nr. 5 og 1-8, tredje ledd.
7. Terrenngrep for vegar og liknande skal tilpassast eksisterande terreng og vegetasjon. Dominerande vegskjeringar skal så langt som mogleg unngåast. Vegar skal først fram skånsamt, og terrenngrep skal så langt som råd dekkjast til med jord, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.
8. Ved frådeling av nye tomter skal det søkjast å få til god arrondering. Minste uteoppholdsareal (MUA) skal vera 50 m² per buening, jf. pbl. § 11-11 nr. 2.
9. For kvart enkelt område der det skal byggjast fire eller fleire bustadbygg samla, skal det

utarbeidast reguleringsplan. Planen skal oppfylle dei same krava som gjeld for reguleringsplan for utbygging av nye bustadområde, jf. pbl. § 11-11 nr. 2.

10. For kvart enkelt område der det skal byggjast ein til tre bustadbygg samla, er det ikkje krav om reguleringsplan. Detaljert utomhusplan skal utarbeidast før utbygging av tiltak i området kan godkjennast. Planen skal syna tomtedeling, plassering og hovudform på bygningar, veg- og parkeringsløysing, materialbruk og bygg, vegetasjonskart/grøntanlegg og leidningstrasear. Profilar og illustrasjonar skal syna volum, bygningsform, og tilpassing til terreng og omgjevnad, jf. pbl. § 11-11 nr. 2.

11. I tilfelle der det ikkje blir krav om reguleringsplan, skal saka likevel sendast på avgrensa høyring til kulturminnestyresmaktene, jf. pbl. § 11-11, nr. 2.

10. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner (pbl. § 11-7 nr.6)

10.1 Generelle føresegner

1. Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påverke sikkerheten eller framkommeligheten skal handsamast etter hamne- og farvasslova i tillegg til pbl., og er ikkje tillate utan kommunen og hamnemyndighetene si godkjenning, jf. pbl. § 20-1.

10.2 Småbåthamner

1. Formålet gjeld område der det kan leggjast til rette for småbåthamn. Det kan leggjast ut flytebyggjer i området. Fellesområde på land skal vera allment tilgjengelege, jf. pbl. § 11-7 nr. 6.
2. Det vert sett krav til reguleringsplan for nye småbåthamner, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
3. Det skal anleggjast minimum ein biloppstillingsplass for kvar tredje båtplass, jf. pbl. § 11-9 nr. 5. Dette kravet kan fråfallast dersom anlegget ligg i direkte tilknytning til eit bustad- eller fritidsbustadfelt slik at dei fleste brukarane ikkje vil nytta bil for å komma til hamna.
4. Det kan anleggjast molo og fellesbygning på land for å dekkja behov for bu, toalett/dusjrom og/eller felleslokale, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.

RETNINGSLINJER

5. Det bør gjevast løyve for etablering og utviding av småbåthamner utanfor områda som er sette av til formålet i planen, dersom forholda ligg til rette for det, og det er eit behov for småbåt plassar i området.
6. Småbåthamner bør byggjast med minst ei gjestebrygge for allment bruk, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.
7. Det bør vera utkøyringsplass for båtar i hamna. Slike utkøyringsplassar skal vera tilgjengelege for alle, eventuelt mot betaling, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.



Frå Storavatnet. Foto Tysvær kommune



Skjoldastraumen. Foto Tysvær kommune

10.3 Yrkefjorden

1. Området kan nyttast til fiske, ferdsel og oppankring av marine konstruksjonar. For eventuell industriell aktivitet i området, inkludert montering, er det krav om reguleringsplan med konsekvensutgreiing og planprogram. Området skal ikkje nyttast til demontering av brukte oljeinstallasjonar og liknande, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.
2. Område merka FFKL kan i tillegg nyttast som kaste- og låssettingsplass, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.
3. Område merka FFA kan i tillegg nyttast til akvakultur, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.
4. Det kan tillatast oppankring av opp til to (2) installasjonar, riggar, større fartøy e.l. innanfor området, så lenge det totale talet på oppankra installasjonar i fjordsystemet Yrkefjorden – Vatsfjorden ikkje overstig to, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.
5. For installasjonar oppankra i Vindafjord kommune kan delar av fortøyingsssystema under sjøoverflata tillatast innanfor området så lenge dette ikkje hindrar eller forstyrrar fiske, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.
6. Oppankring skal som hovudregel vere knytt til sjøbotn slik at fiske ikkje vert hindra, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.
7. I månadane mars – april tillatast ikkje oppankring som kan forstyrre eller hindre fiske, jf. pbl. § 11-11 nr. 3. Kommunen kan etter søknad tillate oppankring utover perioden mai til februar dersom særlege grunnar gjer det påkravd.
8. Maksimal liggetid for oppankra installasjonar skal vere 6 månader, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.
9. Kommunen skal varslast så tidleg som mogleg når det er aktuelt at nye installasjonar skal kome inn. Fiskeridirektoratet skal deretter varslast umiddelbart. Lokalisering innanfor området skal skje i dialog med Fiskeridirektoratet. Kystverket skal godkjenne lokalisering etter havne- og farvannslova.
10. Lyskjelder på oppankra installasjonar skal skjermast slik at lyskjeldene ikkje er til sjenanse for ferdsel og utøving av fiske. I periodar der det føregår lysfiske i fjorden skal belysninga reduserast til det som er naudsynt for å utøve arbeid og merke installasjonane, jf. pbl. § 11-9 nr. 6.

RETNINGSLINJER

1. Dersom det skal føregå industriell aktivitet i fjorden, bør det utarbeidast felles reguleringsplan for området og dei tilliggande riggområda i Vindafjord kommune.

10.4 Oppankring

1. Oppankring av bemanna fartøy kan skje. Ubemanna fartøy tillatast ikkje.

10.5 Farleier

1. All framtidig arealdisponering skal ta høgde for at farleier blir forbeholdt sjøverts ferdsel.

10.6 Akvakultur

1. Områda med kombinert formål i sjø og vassdrag inkludert friluftsliv, ferdsel og akvakultur. Fortøyingane for akvakulturanlegg kan inngå i eit fleirbruksområde, men må ikkje vera i særleg konflikt med sjøtransport og friluftsliv.

11. Omsynssoner (pbl. § 11-8)

11.1 Sikrings-, støy- og faresoner (pbl. § 11-8a)

11.1.1 Generelle føresegner

1. Ved reguleringsarbeid eller enkelttiltak skal kriteria for maksimalt støynivå i T-1442 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging leggst til grunn. Kommunen kan krevja støysonkartlegging ved vurdering av reguleringsplanar der tiltak kjem i konflikt med støyrelatert verksemd, jf. pbl. § 11-8a. Støy frå veg er vist i temakart for støy.
2. For tiltak som medfører støy over grenseverdiane i T-1442, skal det liggja føre eit støysonkart, jf. pbl. § 11-8a.
3. Ved vurdering av planarbeid eller enkelttiltak skal nasjonale, regionale og lokale rapportar for fare- og aktsemdskart for ras- og skredfare, steinsprang, vind, kvikkleire, flaumfare osv. brukast i handsaminga for å avklara eventuelle faremoment.

11.1.2 Sikringszone langs gassrørledning

1. Føresegnene gjeld i område som er viste som sikringszone for gassledning i grøft eller tunnel, og for anodeseng i tilknytning til røyrleggget, jf. pbl. § 11-8a.
2. I sikringssona er det, utan samtykke frå Gassco og Statoil, forbod mot å bruka gravemaskin eller andre maskinar som ut frå størrelse og bruk kan skada leidningar eller tunnelar, jf. pbl. § 11-8a.
3. I sikringssona er det, utan samtykke frå Gassco og Statoil, forbod mot å utføra grunnarbeid som kan skada rørleidningar eller -tunnelar. Dette omfattar mellom anna sprenging og boring etter jordvarme, jf. pbl. § 11-8a.
4. Ved aktivitet i nærområdet til sikringssona skal ein forsikra seg om at aktiviteten ikkje kan komma i konflikt med sikringssona under bakkenivå. Dette omfattar mellom anna boring og sprenging, jf. pbl. § 11-8a.

11.1.3 Sikringszone nedslagsfelt for drikkevatt

1. For drikkevasskjelder og sikringszone nedslagsfelt drikkevatt er "Forskrift om vannforsyning og drikkevann" gjeldande.
2. For Stakkestadvatnet med nedslagsfelt er det vedtatt eigne klausuleringsføresegner, godkjent av Sosial- og helsedepartementet den 09.12.97, siste endring godkjent den 20.12.99. Haugesund Vassverk er høyringsinstans for alle tiltak innanfor nedslagsfeltet.
3. Drikkevassomsyn skal i sikringssona vere overordna alle andre omsyn.
4. Det skal ikkje gjevast løyve for tiltak som kjem i konflikt med sikring av drikkevasskjeldene.

11.1.4 Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan

1. Tidlegare godkjende reguleringsplaner med denne omsynssonen skal gjelda uendra, jf. tabell 26.

11.2 Sone med særlege krav til infrastruktur (pbl. § 11-8b)

1. Planlagd bruk av område med særlege krav til infrastruktur er omtalt i tabell 15.
2. Utbygging av IS3 ved Aksdal skal ikkje komma i konflikt med automatisk freda kulturminne. Rogaland fylkeskommune skal ta stilling til utstrekning av omsynssone omkring kulturminna når det blir utarbeidd reguleringsplan, jf. pbl. § 11-9 nr. 7.

11.3 Sone med særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (pbl. § 11-8c)

11.3.1 Omsynssone for friluftsliv

1. Tiltak som er til hinder for friluftsliv, bør ein ikkje tillate, jf. pbl. § 11-8c.
2. Ved tiltak innanfor denne sona bør ein særleg leggja vekt på omsynet til friluftslivet. Tiltak som undergrev friluftsliv, bør ein i utgangspunktet ikkje tillate, med mindre det er tungtvegande grunnar til det, jf. pbl. § 11-8c.
3. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv og tiltak knytte til gardsdrift kan ein tillate, jf. pbl. § 11-8c.
4. På alle holmar og mindre øyar bør natur- og friluftsliv prioriterast. I område med dokumenterte natur-, kulturminne- og friluftsliv bør det ikkje opnast for tiltak som kjem i konflikt med desse interessene, jf. pbl. § 11-8c.
5. Gytefelt visar areal i sjø der det er registrert gyting. Her skal det ikkje foretas tiltak på botn, i vassøyla eller på overflata som kan forstyrre eller øydeleggje for gyting.

11.3.2 Omsynssone for bevaring av naturmiljø

1. Tiltak som er til skade eller hinder for naturverninteressar, bør ein ikkje tillate, jf. pbl. § 11-8c.
2. Ved tiltak innanfor denne sona bør ein særleg leggja vekt på bevaring av naturmiljøet. Tiltak

som øydelegg eller undergrev naturmiljøet, bør ein i utgangspunktet ikkje tillate med mindre tungtvegande omsyn talar for det, jf. pbl. § 11-8c.

3. Kommunen si kartlegging av biologisk mangfald, naturtypar og viktige viltområde bør leggjast til grunn ved saksbehandling, jf. pbl. § 11-8c.
4. På alle holmar og mindre øyar bør natur- og friluftsliv prioriterast. I område med dokumenterte natur-, kulturminne- og friluftsliv bør det ikkje opnast for tiltak som kjem i konflikt med desse interessene, jf. pbl. § 11-8c.

11.3.3 Omsynssone for bevaring av kulturlandskap og biologisk mangfald

1. Ved tiltak innanfor denne sona bør ein særleg leggja vekt på bevaring av kulturlandskapet. Tiltak som øydelegg eller undergrev kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet, til dømes gjødsling med kunstgjødsel, bør ein i utgangspunktet ikkje tillate med mindre tungtvegande omsyn talar for det, jf. pbl. § 11-8c.
2. Ønskjelege tiltak for å ivareta kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet er skjøtsel i form av beiting, hogst, rydding av kratt og lyngbrenning, jf. pbl. § 11-8c.
3. Dersom det skal gjevast løyve til tiltak som kan øydelegge eller undergrave kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet, må det dokumenterast at fordelane er klart større enn ulempene. Saksbehandling skal også vera etter naturmangfaldslova, jf. pbl. § 11-8c.



Foto: Bente Helen Bergstøl Norvalls

4. Kommunen si kartlegging av biologisk mangfald bør leggjast til grunn ved saksbehandling, jf. pbl. § 11-8c.

11.3.4 Kjerneområde landbruk

1. Tiltak som er til skade eller hinder for landbruksinteresser bør ein ikkje tillate.
2. Ein bør særleg unngå tiltak som splittar opp landbruksjord eller undergrev driftsgrunnlaget på det einskilde gardsbruk.
3. Omsynet til jordbruksinteresser bør særleg vektleggjast, og busetnad som er knytt til gardsdrift skal sikrast vidare utvikling.
4. Retninga på nye utbyggingsområde bør styrast vekk frå kjerneområda.
5. Ved frådelling i kjerneområde for landbruk bør den frådeltte parsellen ikkje inkludere jordbruksareal. Frådelling bør ein ikkje tillate nærare driftsbygning enn 100 m.

11.3.5 Omsynssone for kulturmiljø

1. Alle tiltak innanfor omsynssone for kulturmiljø skal godkjennast av kulturavdelinga i kommunen.
2. Ved tiltak bør ein ta særleg omsyn til eksisterande kulturmiljø ved utforming og materialval.
3. Tiltak som reduserer dei kulturhistoriske kvalitetane i området bør ein ikkje tillate.
4. Innanfor strandstaden Nedstrand bør nye bygg ha kvite, tradisjonelle eller lyse tilpassa fargar, ha saltak, og ha dimensjonar som harmonerer med eksisterande bebyggelse på staden.

11.3.6 Omsynssone for funksjonell strandsone

1. Innanfor omsynssone for funksjonell strandsone bør det takast særleg omsyn til strandsoneverdiar.
2. Nye bygg innanfor funksjonell strandsone bør ikkje plasserast slik at dei reduserer sikt eller tilgang til sjøen for ålmenta. Der det er mogleg bør nye bygg plasserast utanfor funksjonell strandsone.

11.4 Sone for bandlegging (pbl. § 11-8d)

11.4.1 Kulturminne og kulturmiljø

1. Ved tiltak innanfor denne sona skal det særleg leggjast vekt på bevaring av kulturmiljø og kulturminne, så vel automatisk freda som moderne kulturminne. Tiltak som øydelegg kulturmiljøet eller som undergrev det, skal ein i utgangspunktet ikkje tillate, med mindre tungtvegande omsyn tilseier det, jf. pbl. § 11-8d.
2. Eksisterande kulturminne skal i den grad det er mogleg, ikkje fjernast eller øydeleggjast, jf. pbl. § 11-8d.
3. I område med dokumenterte kulturminne skal det ikkje opnast for tiltak som kjem i konflikt med desse interessene, jf. pbl. § 11-8d.
4. Tysvær kyrkje, Skjoldastraumen kyrkje og Nedstrand kyrkje er listeførte kyrkjer av nasjonal verdi. Desse skal forvaltas i tråd med rundskriv T-3/2000 (kyrkjerundskrivet). All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Ved all planlegging av tiltak i kyrkjas nære omgivnader skal det tas omsyn til kyrkjas plassering og verknad i landskapet. Saker som angår omgivnadane til den listeførte kyrkja skal sendast fylkeskommunen for rådgjeving.
5. Innanfor omsynssone for bandlegging etter Lov om kulturminner er det ikkje tillate å setje i gang med tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørlig skjemme kulturminnet eller gjere nokon form for fysiske inngrep i området, jf. Lov om kulturminner §§ 3 og 8. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminnet innanfor omsynssona er ikkje tillate utan dispensasjon frå kulturminnelova.

11.4.2 Bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover.

1. Område PL1 Måvatnet skal regulerast til drikkevatn med tilhøyrande infrastruktur. Tiltak som kjem i konflikt med dette, skal ein ikkje tillate, jf. pbl. § 11-8d.
2. Innanfor områda PL2-1 til PL2-5 skal ein ikkje

tillate tiltak som kan koma i konflikt med omlegging av E134, jf. pbl. § 11-8d.

3. Innanfor byggeområde PL 3-1 til PL 3-8 kan ein ikkje tillate tiltak som krev søknad og løyve i samband med pbl. § 20-1 før det er avklart kor framtidig trase for E39 skal ligge, jf. pbl. § 11-8d. Framtidig vegtrase skal konsekvensutgreiast i samband med planarbeidet for ny veg.

12. TABELLAR AREALBRUK.

Tabell 1 - Bygningar og anlegg

KartID	Plankart/stad	KP2012	Nytt areal KP 2015		Kommentarar	Saksnr.
		Areal da	Tidl. formål	Areal da		Vedtak KPU
Hovudplankart						
BA1	Stegaberg skule	7			Nedlagd skule. Moglege underformål: Offentleg eller privat tenesteyting eller næring.	34/11, 10/12, mekling
BA2	Eikje skule	1			Nedlagd skule. Moglege underformål: Bustad, fritidsbustad, kulturformål, reiselivsanlegg, næring, eller ein kombinasjon av desse.	16/11
Sum hovudplankart		8				
Plankart 1 - Akسدal - Førre						
BA13	Stølsberg			14	Kombinert offentleg eller privat tenesteyting og bustad	101/14
BA3	Bongsatjørn	9			Kan nyttast til bustad eller offentleg eller privat tenesteyting	54/12
Sum plankart 1		9		14		
Plankart 3 - Tysværvåg - Slåttevik						
BA4	Bjørnsvik	58			Føringar for kommande planarbeid (omr.reg.pl.). Aktuelle underformål: Offentleg (skule, idrett, grønstruktur).	"47/11 32/12"
BA5	Tysværvåg	71			Føringar for kommande planarbeid (omr.reg.pl.). Aktuelle underformål: offentleg eller privat tenesteyting eller bustad	"47/11 32/12"
BA6	Slåttevik – Tysværvåg	148			Føringar for kommande planarbeid (omr.reg.pl.). Aktuelle underformål: sentrum eller offentleg eller privat tenesteyting	"47/11 32/12"
BA7	Slåttevik- Tysværvåg	88			Føringar for kommande planarbeid (omr.reg.pl.). Aktuelle underformål: sentrum eller bustad	"47/11 32/12"
Sum plankart 3		365				
Plankart 4 - Hervik						

KartID	Plankart/stad	KP2012	Nytt areal KP 2015		Kommentarar	Saksnr.
		Areal da	Tidl. formål	Areal da		Vedtak KPU
BA8	Hervik skule	14			Nedlagd skule. Moglege underformål: bustad, reiselivsanelegg, næring (kontor, hotell og bevertning), eller ein kombinasjon av desse.	"29/11 11/12 mekling"
Sum plankart 4		14				
Plankart 7 - Nedstrand						
BA9	Stranda skule	4			Areal justert. Nedlagd skule. Moglege underformål: kulturformål, reiselivsanelegg, eller ein kombinasjon av desse.	"35/11 12/12"
Sum plankart 7		4				
Sum alle plankart		400		14	414	

Tabell 2 - Kombinerte formål

KartID	Plankart/stad	KP2012	Nytt areal KP 2015		Kommentarar	Saksnr.
		Areal da	Tidl. formål	Areal da		Vedtak KPU
Hovudplankart						
C-20.5	Longøy		LNF,naust	20	Kombinert småbåthamn, naust og fritids- og turistformål	24/14
A-8.3	Gismarvik			1	Kombinert naust og småbåthamn	77/14
Sum hovudplankart		0		21		
Plankart 1 - Akسدal - Førre						
BA12	Grinde		Idrett/LNF	60	Kombinert offentleg eller privat tenesteyting og idrettsanelegg	104/14
Sum plankart 1		0		60		
Plankart 6 - Hinderåvåg						
BA11	Tveit	3		3	Kombinert fritidsbustader og næring, der næring er avgrensa til kontor, hotell, bevertning og anna reiselivsrelatert serviceverksemd	"74/11 67/12"
